

Fra: Christer Aarbø[christer.aarbo@gmail.com]  
Sendt: 15.03.2022 07:21:07  
Til: FITJAR[FITJAR@fitjar.kommune.no]  
Tittel: Merknadar til reguleringsplan for Fitjar sentrum, 2. gong høyring

---

[EKSTERN]: Eposten er sendt frå ein avsender utanfor organisasjonen. Ikkje klikk på lenkjer eller opne vedlegg utan at du kjenner til avsender, og er sikker på at innhaldet er trygt.

Merknadar til reguleringsplan for Fitjar sentrum, som ligg ute ute til 2. gongs høyring.

Fitjar sogelag stiller seg positive til at planen opnar for at den lokale historia om potetdyrking og potetfarten til Bergen skal kunna visast fram i Fitjar sentrum. I planutkastet som ligg ute til høyring, er det lagt opp til å byggja eit naust som kan husa tradisjonsbåtar. Slik me forstår det skal naustet plasserast på ei slags påle-system ute på ein pir. Sogelaget meiner naustet bør byggjast i tilknytning til ei tradisjonell båtstø, slik at båtar lett kan sjøsetjast og takast på land utan bruk av teknisk utstyr. Noko slikt vil me tru er vanskeleg å få til der det no er teikna inn på kartet.

Me vil difor spela inn at det heller bør opnast for å byggja eit historisk naust på område GP1, som ligg like nedanfor Havnahuset. Området nedanfor Havnahuset kan framleis reknast som parkområde, sjølv om det vert opna for å setja opp eit naust med ei båtstø på området. Eit slikt anlegg med utstilling og informasjon om potetbåtane vil vera eit fint innslag i eit offentleg parkområde som dette. På bakgrunn av det som er teke opp her vil me be om at det i førsegnene til reguleringsplanen vert opna for naust og båtstø på område GP1.

Me ser og i andreutkastet til planen at den flotte granittfasaden i første etasje av Fitjar ungdomshus skal bevarast, og det er me glade for, men det står og at ein opnar for fasadeendringar m/større vindauge og dør. Me ber om at granittfasaden på ungdomshuset, ved ei eventuell ombygging, ikkje vert endra endra, men vert handsama med vyrnad i tråd med steinmuraren og arkitektens intensjonar.

Mvh.  
Styret i Fitjar sogelag